

NVE – Konesjons- og tilsynsavdelingen
V/ Rune Moe
Pb. 5091 Majorstua
0301 Oslo

20.12. 2013

Høringsutsagn for Ugulsvik kraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke

Bakgrunn

Vi viser til brev der dere ber om Luster Småkrafts kommentarer på mottatte høringsutsagn vedrørende konsesjonssøknaden for Ugulsvik kraftverk i Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke.

Følgende interessenter har gitt sitt høringsutsagn i saken:

- Statens vegvesen v/vegavdeling Sogn og Fjordane
- SFE Nett AS
- Sogn og Fjordane Turlag
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Luster kommune
- Sogn og Fjordane fylkeskommune

Statens vegvesen – vegavdeling Sogn og Fjordane:

Vi syner til dykkar brev mottatt 26.08. 2013, der de ynskjer vår uttale til søknad om løyve til bygging av fire småkraftverk ved Veitastrondsvatnet i Luster kommune.

Vi har to kommentarar til søknaden:

- Ved all bygging/utbetring av tilkomstveg må det søkjast Statens vegvesen om eventuelt utvida bruk av eksisterande avkøyrslø, eller om ny avkøyrslø frå fylkesveg 337.
- Ei eventuell føring av tilløpsrør langs veg må ikkje komme nærare veg-skulder/fylling enn 1 meter. Ynskjer de likevel å føre tilløpsrør nærare enn dette eller inn på Statens vegvesen sin eigedom, så må de søkje om dette. Ynskjer de å krysse fylkesvegen må de søke om dette.

Luster Småkraft AS sine kommentarar:

Dersom prosjektet får konsesjon, vil vi ta kontakt med Statens vegvesen vedr. avkjøringen til prosjektet fra fylkesveg 337, å påse at denne er i samsvar med gjeldende plan og retningslinjer fra Statens vegvesen.

SFE Nett AS:

Dagens sentralnett mellom Ørskog og Aurland har i dag ikkje kapasitet til meir ny produksjon før nødvendige tiltak er gjennomført. Statnett, Istad Nett og SFE Nett orienterte NVE om dette i brev datert 01.04. 2009. 420kV Ørskog-Sogndal vil avhjelpe denne flaskehalsen. Ei nærare orientering om nettkapasiteten for ny produksjon i Indre Sogn vart gjeve av Statnett i brev til NVE 02.07. 2013. Kort oppsummert må 420kV Ørskog-Høyanger være sett i drift samt Sogndal stasjon med tilhøyrande SVC-anlegg før Fardalen Kraftverk kan koblast til nettet. Ørskog — Sogndal er under bygging, men framdrifta er framleis usikker.

Det er og ein mogleg flaskehals i sentralnettet mellom Leirdøla og Fardal/Sogndal ved auka produksjon under sentralnettpunkta Leirdøla og Fortun. I nemnde brev (02.07. 2013) vurderer Statnett ledig kapasitet her til 100 MW, med den føresetnad at også systemvern (PfK) vert nytta. Det er isolert sett rom for dei fire konsesjonssøkte kraftverka, men ikkje samla konsesjonsgjeven og -søkt mengde. Nettkapasitet her må derfor avklarast nærare med Statnett om konsesjon vert gjeven.

Lokalt 22kV nett har ikkje kapasitet til den planlagde nye produksjonen frå Veitastrond. Luster Energiverk har derfor konsesjonssøkt ein 66kV forbindelse frå Hafslo til Veitastrond med transformeringspunkt i Ugulsvik og Veitastrond. Etablering av dette nettanlegget er ein føresetnad for å kunne knytte til dei planlagde kraftverka i området.

Luster Småkraft AS sine kommentarer:

Luster Småkraft AS er kjent med nettsituasjonen i området. Dersom det blir gitt konsesjon til Ugulsvik vil vi ta kontakt med nettselskapet for å se på detaljer vedrørende tilknytning. Vi er innstilt på å betale nødvendig anleggsbidrag for å få koblet Ugulsvik kraftverk på nettet.

Sogn og Fjordane Turlag:

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 21.08. 2013 og til søknadsdokumenta som vi har lasta ned via internett. Høyringsfråsegna er basert på søknaden, informasjon frå lokalkjende og frå internett, og eigen kunnskap om området.

Kort om friluftsliv i det aktuelle området:

Det er lite organisert friluftsliv knytt til den aktuelle vasstrengen og området langs denne, meir sporadisk turgåing t.d. til Langanesnovi og for jakt, padling og småbåtferdsl på Veitastrondsvatnet.

Sykling langs Veitastrondsvegen er truleg det mest nytta området, då denne er relativt lite trafikkert og såleis vert nytta som sykkelstuveveg. I nedslagsfeltet er det merka tursti til og trimpost ved stølen Hongi.

I sjølve tiltaksområde er friluftslivet avgrensa til mest lokale brukarar.

DNT, SFT og Luster Turlag er no i ein tidleg startfase for å bygge opp att Tungestølen Turisthytte som DNT-hytte på Veitastrond. Med denne i drift kan ein vente ein auke i både trafikk og for generelt friluftsliv i området. Sykkelturer langs vatnet og padling kan venteleg auke med ny hytte i drift.

Videre kommenterer Turlaget flere punkter i søknaden, og blant annet har de synspunkter på følgende tema:

- Har NVE fått konkrete opplysingar om at ei eventuell utbygging vil føre til fornya fast busetnad i Ugulsvik?
- Vi vil be NVE om å sette krav til bruk at taubanedrift som eit avbøtande tiltak for å minimere verknadar for landskap, evt auka bruk av helikoptertransport.
- Nærleiken til vatnet og det lukka landskapsrommet med høge vegger av fjell

vil gjere støy frå kraftstasjonen svært merkbar over store avstandar i området. Lågfrekvent støy vert frakta over lengre avstandar. Støydempande tiltak vert såleis viktig.

- Tiltaket påverkar ikkje direkte verneområde, men vil det indirekte som ein randsona. Tiltaket vil verte synleg frå verneområde (Yngsdalen naturreservat og Jostedalsbreen nasjonalpark søraustlege arm) og på vegen inn til nasjonalparken.

Sogn og Fjordane turlaget sitt syn på konsesjonsøknaden:

Sjølv tiltaksområdet er ikkje av vesentleg verdi for friluftsinnteresser, men tiltaket vil influere på svært viktige landskapsverdier som også er vesentlege for friluftslivet i turlaget sine virkeområder. Området ligg i randsona til Jostedalen nasjonalpark og vert godt synleg i ein av innfallsportane til denne. Tiltaket vert også godt synleg frå populære turmål i vest. Med ein nyoppsett DNT-hytte som no er under planlegging på Tungestølen, vil tiltaket i sterkare grad kunne påverke generelt friluftsliv i området t.d. padling på Veitastondsvatnet og sykling langs riksvegen. Kajakkpadling er satsingsområde både i Luster og Sogndal sine turlag. Av desse grunnane, og sumverknadane, er vi kritiske til utbygginga.

Luster Småkraft AS sine kommentarer:

Luster Småkraft AS registrerer at Sogn og Fjordane Turlag ikkje har friluftsinnteresser i området som vil bli berørt av tiltaket og at turlaget er kritisk til en utbygging men ikkje i mot. Vi har ellers følgende kommentarer til uttalelsen:

- NVE har ikkje oversikt over eller fått opplysninger om grunneiernes planer om fast bosetning på sikt. Dette er det kun grunneiernes selv som kan svare på, men det er helt klart større forutsetninger for fast bosetning dersom kraftverket gir muligheter for økt næring/inntekt lokalt.
- Søker har vurdert midlertidig vei i nedre del av prosjektet som et akseptabelt inngrep for å kunne bruke anleggsmaskiner til å frakte opp rør som skal graves ned. Området er berørt med fylkesvei, fritidshus, stølsvei og kraftlinjer i nedre del. Det er også rester av et gammelt sandtak. God jordsmonn og sand i nedre del vil gi gode muligheter for en rask revegetering etter at anleggsfasen er ferdig. I øvre del vil bruk av helikopter eller taubane minske inngrep i denne delen av prosjektet.
- Støy fra kraftstasjonen vil bli tatt hensyn til i prosjekteringsfasen, (støydempende tiltak i utløpskanalen, plassering av ventilasjonsutløp etc). Det er for øvrig lite hus/bygninger som ligger innenfor støysonegrensen som en må ta direkte hensyn til. Vi viser ellers til søknadens kap. 4 og avbøtende tiltak i forbindelse med støy.
- Vikaelvi/tiltaket ligger ikkje innenfor området som er med i Verneplan for vassdrag eller andre verneplaner. Temaet er derfor ikkje aktuelt i dette prosjektet.
- Turlaget har planer om å utvide turmulighetene med blant annet en ny DNT-hytte under planlegging på Tungestølen og viser ellers til at tiltaket vil influere på svært viktige landskapsverdier som også er vesentlige for friluftslivet i turlaget sine virkeområder. Luster Småkraft AS vil påpeke at når anleggsfasen er ferdig og kraftverket satt i drift, vil revegetering og «ny skog» gjøre tiltaket lite synlig for turgåere og andre brukere av omkringliggende områder. Avstanden til den planlagte DNT-hytten på Tungestølen er stor og tiltaket vil ikkje påvirke denne i noen grad. Konsekvensen av prosjektet er vurdert som lite negativt for brukerinteressene i søknaden.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Fylkesmannen har vurdert om fire nye småkraftprosjekt i Årøyvassdraget i Luster kommune kan råke kjende allmenne interesser. Prosjekta er planlagde i eit område med store landskaps- og friluftsverdiar, men dei vil i ulik grad råke desse verdiane. Kjerringnes kraftverk vil medføre inngrep i eit urørt naturområde, men vi vil ikkje gå i mot prosjektet slik det er planlagt. Ugulsvik kraftverk vil, slik det er planlagt, få store konsekvensar for landskapet på grunn av tekniske inngrep ei bratt fjellside og låg

minstevassføring. Prosjektet kan verte akseptabelt for dei allmenne interessene om vassvegen vert lagt i tunnel og det ikkje vert bygd veg, samt at minstevassføringa vert auke minst til 5-persentilnivå for sommarperioden. Storelvi øvre kraftverk er etter vår vurdering akseptabelt for dei allmenne interessene, under føresetnad av at det ikkje vert gjort inngrep i dei unike jettegrytene nedanfor inntaket og at elveøyra ovanfor vert ivareteke. Vi tilrår difor at ein del av vassvegen vert lagt i tunnel. Vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon til Storelvi nedre kraftverk, fordi inntak, kraftverk og regulert elvestrekning vil vere svært synlege og vil etter vår vurdering råke landskapet og friluftinteressene i stor grad. Vidare må det vurderast om den samla påverknaden av å byggje fleire nye kraftverk i Veitastrond-området vert så stor at prosjekt bør avslåast sjølv om dei kan akseptast kvar for seg. Vi vurderer det som positivt at kraftutbygging i Storelvi kan gje sikrere straumforsyning i Veitastrond.

Fylkesmannen tar vidare opp tema som:

1. Miljøvernaglig vurdering der det blant annet vises til kommunedelplanen for småkraftverk i Luster, og kunnskapsgrunnlaget/kartleggingen i BM-rapportene til søknadene.
2. Ureining, vasskvalitet og støy der det vises til ureiningslova og retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging
3. landbruksfaglig vurdering der Fylkesmannen konkluderer med at de planlagte utbyggingene ikke vil påvirke jord- og skogbruksareal.
4. Beredskapsfaglig vurdering der utbygging vil gi sikrere strømforsyning lokalt.

Ugulsvik kraftverk:

Fylkesmannen har tidlegare vurdert eit kraftprosjekt i Vikaelva. I fråsegna til meldinga om Ugulsvik minikraftverk i 2005 konkluderte vi med at eit kraftverk med inntak på kote 407 var i vesentleg konflikt med allmenne interesser og difor var konsesjonspliktig, medan eit alternativ med inntak på kote 335 var akseptabelt og kunne få konsesjonsfritak. Ut i frå dette kan vi innleiingsvis seie at Ugulsvik kraftverk med inntak på kote 830 vil råke allmenne interesser. Den største konflikten er knytt til at tiltaket vil råke landskapet på grunn av tekniske inngrep og redusert vassføring etter utbygging.

Avbøtande tiltak. Planlagt minstevassføring tilsvavar alminneleg lågvassføring, men det er ikkje grunngjeve korleis dette kan vere tilstrekkeleg til å avbøte skade på dei allmenne interessene. Nivået er alt for lågt til å avbøte dei landskapsestetiske skadane, og etter vår vurdering må minstevassføringa i sommarhalvåret fastsetjast minst på nivå med 5-persentilen. Dette vil sikre ein viss dynamikk gjennom året, og bidra til å oppretthalde elva som eit landskapselement og gje eit visst livsgrunnlag for vasstilknytt flora og fauna.

Konklusjon

Tiltaket er konfliktfullt for allmenne interesser både på grunn av omfattande tekniske inngrep i ei ope fjellside og på grunn av redusert vassføring etter utbygging. Inngrepa ser for oss ut til å kunne verte så omfattande at vi vil tilrå at heile vassvegen vert lagt i tunnel og at det ikkje vert bygd veg i fjellsida. Utan eit tunnelalternativ meiner vi tiltaket ikkje er planlagt i tråd med naturmangfaldlova § 12 og ikkje akseptabelt for dei allmenne interessene. Minstevassføringa må aukast minst til nivå for 5-persentil i sommarhalvåret. Med tilpassingane nemnd ovanfor meiner vi at tiltaket kan akseptast.

Luster Småkraft AS sine kommentarer:

Luster Småkraft AS takker Fylkesmannen for en i utgangspunktet positiv innstilling til prosjektet, og har følgende svar til Fylkesmannens uttalelse:

1. vurdering av tunnel:

Det har vært vurdert økonomisk om det er gjennomførbart med tunnel i stede for nedgravd rørgate/rørgate i dagen og viser til svar gitt Sogn og Fjordane fylke.

2. vei:

Luster Småkraft AS vil presisere av veien som er kommentert er et midlertidig inngrep der synlige spor vil minske ved årene. Vi viser ellers til kommentarer gitt Turlaget ovenfor.

3. minstevannføring/landskap:

5 persentilen er beregnet til 85 l/s sommersesongen og 18 l/s i vintersesongen. Luster Småkraft har med bakgrunn i biologisk mangfold/brukerinteresser og landskap vurdert minstevannstørrelse til å være 25 l/s for hele året (alminnelig lavvann). Dette begrunnes med følgende: Det er ikkje påvist artar som er omsynskrevjande/sjeldne og som er direkte knytt til vassføringa i elva.

I rapporten om biologisk mangfold er det og vurdert som lite sannsynleg at det finns raudlisteartar som er direkte knytt til vassføringa i elva (oftast mose, sopp og lav). Med kontinentalt klima og naturleg lite vassføring i elva om vinteren, er naturmiljøet tilpassa låg vassføring i delar av året og prosjektet er derfor basert på å sleppe noko minstevassføring heile året.

Effekten av lågare vassføring i Vikaelvi på andre samfunnsmessige forhold, som landskap, er vurdert som større. Elva er synleg frå fylkesvegen og dei synlege partia av elva vil verta påverka av mindre vassføring. Minstevassføring sikrar at elva vert synleg gjennom heile året. Dei synlege partia er dei brattaste partia og her renn elva over bart fjell/sva. Sjølv ved lita vassføring vil desse strekningane vert synleg. Dette sikrar og elva der ho er synleg frå turstien opp til Uglestølen (der stien kryssar elva).

Dersom prosjektet får konsesjon vil vi følge de krav NVE setter på størrelsen av minstevannføringen.

4. allmenne interesser/bruken av området:

Som vist til i søknaden er det lite brukerinteresser i området. Tiltaket vil derfor gi liten negativ virkning på allmenne interesser. Se ellers svar gitt Turlaget.

5. Forhold til Ureining, vasskvalitet og støy:

Konsekvensen av prosjektet når det gjelder vasskvalitet/vassforsyning og resipientinteresser er liten/ingen. I dag er det en hytte på nordsiden av elven som nytter vann fra Vikaelva. Luster Småkraft AS vil påse at dagens kvalitet vil bli opprettholdt under anleggs- og driftsfasen. Restvannføringen vil dekke dagens behov.

I anleggsperioden vil det kun bli arbeid i elven ved inntak og ved utløpskanal. Dette er forventet vil gi liten effekt på vannføring og kvalitet under anleggsfasen.

Når det gjelder støy, viser vi til svar gitt Turlaget. Vi vil ellers fokusere på tekniske løsninger som demper støyeffekten fra stasjonen. God isolering og støyisolerende materiale vil redusere støy fra maskinsalen. Ellers vil retning på utløpskanalen og tiltak som gummigardin og vannlås redusere støy.

6. Landbruksfaglige og beredskapsfaglige vurderinger:

Vi er enig med Fylkesmannen i at området er lite brukt til Landbruk/skogbruk. Når det gjelder den beredskapsfaglige vurderingen er det kjent at området i dag trenger oppgradering av dagens linje i forbindelse med ny produksjon. Vi viser ellers til svar/uttalelse gitt fra SFE Nett AS om planer av forsterkninger og bygging av linjer i området.

7. Utredning i forhold til biologisk mangfold

Vi vil presisere at utredning i forbindelse med kartlegging av biologisk mangfold er gjort etter de krav som NVE setter. Utredningen er gjennomført av fagpersoner med høy faglig kompetanse som er godkjent av NVE. Vi stiller derfor spørsmål ved Fylkesmannen påstand om at utredningene generelt er svake og konklusjonene bygger på tynt grunnlag.

Luster kommune:

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 07.11.2013, sak 74/13:

«Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Ugulsvik Kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

Av omsyn til landskapsbiletet bør det setjast som vilkår for konsesjon slepping av minstevassføring lik 5-persentilen både sommar og vinter.»

Samandrag:

Luster Småkraft AS har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Ugulsvik Kraftverk og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspent overføringsanlegg for samankopling med eksisterande 22 kV linje.

Kommunedelplanen for små kraftverk i Luster plasserer vassdraget i «gul konfliktsone». Dette betyr at det i området finst sterke interesser som må takast omsyn til ved bygging av kraftverk.

Desse interessene knyter seg først og fremst til landskapsbiletet. Elva er godt synleg frå FV 337 frå Ugulsvik og innover og fråføring av vatn frå det naturlege elvelaupet vil merkast. Den planlagde tilkomstvegen for legging av nedre del av røyrgata vil også visa att, det same vil sjølv røyrgata gjera, særleg den delen som ikkje vert nedgraven.

Som avbøtande tiltak føresler søkjar ei minstevassføring lik alminneleg lågvassføring heile året. Rådmannen meiner dette er for lite og tilrår at det må setjast krav om minstevassføring lik 5-persentil sommar i perioden 1/5-30/9 og 5-persentil vinter i perioden 1/10-30/4.

På andre område enn det som har med landskapsbiletet å gjera må konsekvensane av ei utbygging reknast som små.

Rådmannen meiner at fordelene med ei utbygging i sum vil bli større enn ulempene under føresetnad av at minstevassføringa vert sett lik 5-persentilen.

Luster Småkraft AS sine kommentarer:

Luster Småkraft AS takker Luster kommune for en positiv innstilling til prosjektet, og har følgende svar til kommunens uttalelse:

Produksjon og minstevannføring:

Vi har i etterkant av sluttbefaringen vurdert hydrologi og minstevannføring på nytt. Riktige 5 persentiler skal være 85 l/s i sommer og 18 l/s i vinter. Verdt å merke seg at 5-persentiler fra Lavvannskartet for Ugulsvik gjev 43 l/s i sommarhalvåret og 7 l/s for vinterhalvåret. Med 5 persentiler som minstevannføring vil kraftverket produsere 9,45 GWh. NVE vil som en del av sin behandling vurdere behov for størrelse på minstevannføring.

Sogn og Fjordane fylke:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 06.11.2013 som sak 101/13 og det vart gjort slikt vedtak: (det som gjelder for Ugulsvik)

1. Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Kjerringsnes kraftverk, Ugulsvik kraftverk og Storelvi Øvre kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:

1.2. Røyrgate i dagen kan ikkje akseptast for Ugulsvik kraftverk.

Fylkesrådmannens vurderinger vedr. Ugulsvik kraftverk:

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden.

Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følgje opp arbeid, eventuelt etterfølgjande utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Samla vurdering for Ugulsvik kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at ulemper i forhold til landskap og brukarinteresser ved det planlagde tiltaket tilseier at det må gjerast endringar om det skal gjevast konsesjon. Minstevassføringa om sommaren må aukast frå alminneleg lågvassføring 25 l/sek til 5-persentilen på 110 liter/sek og vassvegen må leggst i fjell i staden for nedgravd rørgate og delvis rørgate i dagen. Med vassvegen i fjell vert det lagt til grunn at anlegget skal byggast veglaust.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å tilrå konsesjon for Ugulsvik kraftverk, men på visse vilkår. Av omsyn til landskap og brukarinteresser skal minstevassføringa aukast til 110 liter/sek om sommaren og vassvegen skal byggast som fjellanlegg. Anlegget skal byggast veglaust.

Luster Småkraft AS sine kommentarer:

Luster Småkraft AS takker Sogn og Fjordane fylkeskommune for en positiv innstilling til prosjektet, og har følgende svar til Sogn og Fjordane fylket sin uttalelse:

Automatisk fredet kulturminner:

Dersom prosjektet får konsesjon, vil Luster Småkraft AS ta kontakt med fylkeskommunen vedr. befarings og registrering av eventuelle kulturminner i henhold til undersøkingsplikten, jf. §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne.

Produksjon og minstevannføring:

Vi har i etterkant av sluttbefaringen blitt bedt av NVE til å se på en løsning med boring/fjellanlegg fra ca kote 400 og til inntak på kote 830.

Det vil bli nedgravd rørgate fra kote 400 og ned til stasjon på kote 176. Som adkomst til fjelløsning forutsettes det anleggsveg som vist i søknaden. Kostnadene er prissatt til 43,5 mill.

Dette gir en utbyggingspris på 4,39 kr/kWh.

Ved minstevannføring lik 5 persentil blir produksjonen 9,45 GWh og dette gir en utbyggingspris på 4,6 kr/kWh. Med denne produksjonen vil det ikke være økonomi slik vi ser det i dag til å bygge Ugulsvik kraftverk.

Alternativ vannvei:

Luster Småkraft AS har vurdert en løsning som tar hensyn til uttalelser i saken og som er gjennomførbar i forhold til økonomi for prosjektet.

Fra inntaket på kote 830 legges PE rør ned til kote 730. Røret tildekkes/ graves ned. Fra kote 730 legges vannvei i fjell ned til kote 400. Det planlegges en boreløsning nedenfra. Fra kote 400 og til stasjon legges rørgaten i nedgravd grøft. Hele tiltaket forutsettes bygget ved hjelp av taubane.

Anleggsveg opp til kote 400 går da ut.

Løsningen er prissatt til 38,5 mill som gir en utbyggingspris (med 5 persentil minstevannføring) på 4,1 kr/kWh.

Luster Småkrafts konklusjon:

Vi mener at fordelene ved en utbygging av Ugulsvik kraftverk er større enn ulempene.

Luster Småkraft AS har to småkraftverk i drift og er et datterselskap av Luster Energiverk AS og Småkraft AS.

Småkraft AS har etter 38 ferdig bygde småkraftverk, fått god erfaring med å rydde og revegetere anleggsområder. Vi har fått positive tilbakemelding på utført arbeid og vi har fått byggeskikkpris på Oftedal i Sirdal kommune. Vi ber derfor NVE vektlegg de positive virkningene prosjektet vil medføre i den videre behandlingsprosessen.

Vennlig hilsen



Anders Molland

Daglig leiar

Luster Småkraft AS



Martin Vangdal

Prosjektleder konsesjon

Småkraft AS